

Møteinnkalling

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Voss, Stora Ringheim Hotell
Dato: 29.11.2017
Tidspunkt: 11:00 – 14:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller e-post fmsfano@fylkesmannen.no. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Nils Kvamme er invitert til møte for å legge fram rapport frå skjøtselsarbeid i Stølsheimen landskapsvernområde i år.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 17/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 18/17	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 19/17	Referatsaker		
RS 10/17	Referat frå møte i fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen landskapsvernområde 18. og 19. oktober 2017		2017/3338
RS 11/17	Masterplan for reiselivet i Sogn		2017/559
RS 12/17	Reiselivskonferanse - Fjordane frå bre til hav 2017		2013/3025
RS 13/17	Behov for auka kapasitet til forvaltning av verneområde i Nærøyfjorden og Stølsheimen		2015/3985
RS 14/17	Spørsmål om rapport frå nedtapping av Torvedalstjørni		2017/3905
ST 20/17	Delegerte saker		
DS 11/17	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport i Hanekamdalen		2017/3048
DS 12/17	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport av materiale til støls huset i Rappen		2017/3021
DS 13/17	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport til Selhamar turisthytte		2017/2092
DS 14/17	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til utbetring av stølstien ovanfor Negardstølen		2017/3583
ST 21/17	Tiltaksmidlar til ny bru over Dårlegelva		2016/3073
ST 22/17	Stølsheimen landskapsvernområde - Tiltaksplan 2018 og bestilling av tjenester av SNO		2017/3856
ST 23/17	Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2018		2014/46

ST 17/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 18/17 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll

ST 19/17 Referatsaker

RS 10/17 Referat frå møte i fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen landskapsvernområde 18. og 19. oktober 2017

RS 11/17 Masterplan for reiselivet i Sogn

RS 12/17 Reiselivskonferanse - Fjordane frå bre til hav 2017

RS 13/17 Behov for auka kapasitet til forvaltning av verneområde i Nærøyfjorden og Stølsheimen

RS 14/17 Spørsmål om rapport frå nedtapping av Torvedalstjørni

ST 20/17 Delegerte saker

DS 11/17 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport i Hanekamdalen

DS 12/17 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport av materiale til stølshuset i Rappen

DS 13/17 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport til Selhamar turisthytte

DS 14/17 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til utbetring av stølsstien ovanfor Negardstølen



Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	21/17	29.11.2017

Tiltaksmidler til ny bru over Dårlegelva

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre løyver kr. 40 000 i tiltaksmidler til Bergen og Hordaland Turlag til ny bru over Dårlegelva. Bergen og Hordaland Turlag må senda søknad til Stølsheimen verneområdestyre om utforming og plassering av brua.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Bergen og Hordaland turlag om midlar til ny bru over Dårlegelva, 27.09.2017

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2017

Bergen og Hordaland planlegg å sette opp ny bru over Dårlegelva ved Solrenningen i Stølsheimen landskapsvernområde. Brua er planlagt flytta lenger ned i vassdraget for å knyta saman ny stitrase frå Ålrekelvi. Den brua som er der i dag har fått ein del skader gjennom førre vinter, og er i dårleg forfatning. Den gamle brua skal fjernast.

Den nye brua skal vera ei heilårsbru i spenntre. Det må støypast fundament til brua. Kostnadane med brua er kalkulert til ca. kr. 110 000 eks. mva. Turlaget har fått innvilga kr. 42 000 i tippemidler til bruprojektet. Turlaget søker om støtte frå styret sine tiltaksmidler for 2017 til tiltaket.

Vurdering

Stølsheimen verneområdestyre sette av kr. 20 000 i tiltaksmildar for 2017 til ny bru over Dårlegelva. Tiltaksmidlane var sett av på bakgrunn av søknad om å sette opp ny bru på same stad som den er i dag, og med ein kostnad på ca. kr. 44 000. Grunneigarane i Solrenningane har kome med framlegg om å vurdere omlegging av stien og ny plassering av ny bru. På bakgrunn av innspelet vart det gjennomført synfaring 6. juli 2017 for å sjå på stitraseen mellom Solrenningane og Ålrekelvi, og eventuell flytting av brua over Dårlegelva. På synfaringa deltok representant for grunneigarane, Bergen og Hordaland Turlag og



verneområdeforvaltar. Det var semje om at valt trase for omlegging av stien og ny plassering av bru over Dårlegelva var eit godt alternativ.

Etter synfaringa har Bergen og Hordaland Turlag bestemt at dei vil setja opp ei heilårsbru over Dårlegelva. Brua skal setjast opp i 2018. Med auka kostnadar med brua, rår forvaltar til at løyvde tiltaksmidlar vert auka til kr. 40 000. Turlaget må senda søknad til verneområdestyret om løyve til plassering av ny bru og omlegging av stien før arbeidet vert sett i gang. I søknaden skal det vera med teikningar av brua og detaljar for utføring av arbeidet med brua og omlegging av stien. Turlaget skal leggja fram rekneskap for bruprojektet når brua er ferdig stilt.



Arkivsaksnr: 2017/3856-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 15.11.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	22/17	29.11.2017

Stølsheimen landskapsvernområde - Tiltaksplan 2018 og bestilling av tjenester av SNO

Innstilling frå forvaltar

Saka vert lagt fram til drøfting i møte.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for verneområdestyrer. Innmelding og behov for tiltaksmidlar og bestilling av tjenester av SNO – 2018. Miljødirektoratet 10.11.2018
- Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde 2015-2020
- Opplegg for gjennomføring av bestillingsmøtene
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Tiltaksplan i forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2017

Verneområdestyre skal utarbeida fleirårige tiltaksplanar. Det overordna målet for forvaltning av verneområde er at verneformålet og verneverdiane skal ivaretakast. Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde legg føringar for bruk av tiltaksmidlar; «*Gjennomføring av konkrete, praktiske tiltak i verneområdene er en del av forvaltningen av verneområdene og skal sammen med praktisering av verneforskriften og annet arbeid bidra til å oppnå disse målsettingene*». Verneområda skal forvaltast på ein måte som byggjer opp under verneformåla slik at verneverdiane ikkje vert reduserte eller vert øydelagde. Økosystema skal takast vare på for framtidige opplevingar og for verdiskaping i utmarkskommunane.

Det skal vera årleg evaluering av tiltaksplan. Tiltaka skal vera forankra i forvaltningsplanen for Stølsheimen og tilhøyrande skjøtselsplanar. Fagleg rådgjevande utval (FRU) for Stølsheimen, administrativt kontaktutval og SNO skal vera med i utarbeidinga av tiltaksplanen. Tiltaka i planen er lagt fram med bakgrunn i tiltaksplan i forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde rapport nr. 1 - 2017, og vurderinga av pågåande tiltak og nye tiltak.



Tiltaksplanen er grunnlaget for bestillingsdialogen med SNO, og innmelding av behov for tiltaksmidlar for 2018 til Miljødirektoratet. Tiltaksmidlane er statlege investeringsmidlar, jf. budsjettpost 1420.31, og kan gå til tiltak som er naudsynte for å ivareta verneføremålet. Tiltaka kan vera informasjon, skjøtsel, tilrettelegging og kjøp av naudsynt utstyr for å gjennomføra tiltaka. Forvaltningsstyresmakta skal sjølv disponera og prioritera kven som skal gjennomføra tiltaka. SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda.

I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 10. januar 2018.

Vurdering

Forvaltar legg fram forslag til tiltaksplan for 2018 på bakgrunn av tiltaksplan i forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av evalueringsmøte med SNO av gjennomførte tiltak i 2017, og framlegg til nye tiltak frå grunneigarar og andre. Styret må gå gjennom innspela og prioriterer tiltaka.

Miljødirektoratet har gjeve føringar for arbeid i 2018. For aktiviteten i Stølsheimen landskapsvernområde vil fylgjande føringar vera aktuelle kommande år:

Besøksstrategi

Alle verneområde skal ha levert ein besøksstrategi innan 2020. Arbeidet er starta opp med kunnskapsinnhenting av natur- og kulturverdiar. Det vil vera trong for sårbarheitsvurdering i våtmarksområde der det er planar om auka ferdsel. Dette gjeld den T-merkte stien i Berdalen og Sendedalen – Skjervheims – Grøndalen. I tillegg er det ynskjeleg med kartlegging av våtmarksområde Valmyrane. I dette området er det registrert bruk av sykkel. Kartlegginga vert tinga gjennom bestilling av SNO, og kjøp av konsulenttenester.

Brukarundersøking av besøk i Stølsheimen er gjennomført i år, og rapport frå arbeidet vert lagt fram i februar. Rapporten vert nyttig i kontakt med reiselivet og turlaga. Gjennom dialog med brukargruppene kan det koma fram nye område der det kan vera aktuelt med sårbarheitsvurdering.

Kartlegging og overvåking

Strategi for bruk av tiltaksmidlar gjev føringar for prioritering av bruk av tiltaksmidlar i verneområda. «*Det overordna målet er at tiltaksmidlane skal brukast slik at naturtilstanden i verneområdene bedres*». For Stølsheimen er det særleg skjøtselstiltak og tilretteleggingstiltak som er aktuelle. Pågåande skjøtelsprosjekt har prioritet 1, og tiltak i område som er akutt trua og med behov for skjøtsel har prioritet 2.

For besøksforvaltningstiltak har ferdigstilling av prosjekt som er starta opp og som er naudsynte for å ivareta verneføremålet prioritet 1. Tiltak som er lagt inn i besøksstrategien i forvaltningsplanar har prioritet 2.



Trong for midlar til vedlikehald av informasjonsmateriell, skilting m.m. kan meldast inn i tillegg. All informasjon om verneområda som vert finansiert med tiltaksmidlar skal vera i tråd med ny merkevare for verneområde. For alle tiltaka skal det leggjast vekt på; kostnadseffektivitet, samfinansiering med andre aktørar, prosjekt som involvera/drivast med dugnadsinnsats av grunneigarar, frivillige lag og foreiningar.

Ut frå erfaringar med tiltak i verneområda er det gjeve føringar på at større tiltak skal ha planavklaringar før tiltaka vert meldt inn. Det kan tildelast tiltaksmidlar til forprosjektering. Det kan brukast tiltaksmidlar på tiltak utanfor verneområde der tiltak både innafor og utafor verneområde er viktig for å ta vare på verneverdiane.

På bakgrunn av tiltaksplan i forvaltningsplan for Stølsheimen og føringar i strategi for bruk av tiltaksmidlar, legg forvaltar fram fylgjande innspel til tiltaksplan og behov for tiltaksmidlar for 2018:

Tiltak 2018	Samarbeidsaktørar	Kostnad	Prioritet
Skjøtsel av prioriterte stølar Negardstølen, Rotteskaret, Smørklepp, Ytstestølen, Sylvarnesdalen	Prosjektleiari/grunneigar/ SNO	113 500	
Vedlikehald stølsveg Hestfjellet	Prosjektleiari/grunneigar	20 000	
Skjøtsel og utbetring av stølsvegar: Fossesete – Vatnane	Prosjektleiari/grunneigar/ SNO	80 000	
Restaurering og nye vardar på stølsvegar, tradisjonelle vardar for stølsvegar	Grunneigarar	25 000	
Planlegging av uttak av plantefelt med gran	Grunneigarar/konsulent	40 000	
SUM		278 500	

Bestilling av personalressurs SNO 2018	Dagsverk
Oppsyn dispensasjonssaker	3
Tilsyn skjøtelsesarbeid i kulturlandskapet	1
Sårbarvurdering våtmarksområde, besøksstrategi	3
Delta på møte om besøksstrategi og styremøte	3
Tilsyn/byte av verneskilt	2



Arkivsaksnr: 2014/46-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 16.11.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	23/17	29.11.2017

Stølsheimen verneområdestyre - drift av styret 2018

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyr skal møte jamleg i 2018 for å arbeide vidare med besøksstrategien og gjere vedtak i dispensasjonssaker.

Styret kan sikte på følgjande årshjul:

Feb./Mars: Styremøte
Mai: Styremøte/dialogmøte med FRU
August: Styremøte
September: Styremøte med overnatting/synfaring
Nov./Desember: Styremøte

Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta kan eit møte eventuelt avlysast/utsettast.

Budsjett for drift av styre vert lagt fram for godkjenning i møte. Forvaltar kan i samråd med leiar gjera mindre endringar på budsjettet før det vert sendt til Miljødirektoratet innan fristen 12. januar 2018.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Drift av nasjonalpark- og verneområdestyre – søknad om midler for 2018, Miljødirektoratet 16.11.2017

Jamfør vedtektene *bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer* (punkt 7). I 2016 hadde verneområdestyret 3 møte, og i 2017 har det vore 4 møte.

Miljødirektoratet løyvde kr 160 000,- til drift av Stølsheimen verneområdestyre for 2017, kr. 40 000 til trykking og utsending av forvaltningsplan, og kr. 50 000 til kunnskapsinnhenting i samband med besøksstrategi. Forvaltningsplanen er trykt opp og sendt ut. Det har ikkje vore



kapasitet til å sette i gang alle planane om kunnskapsinnhenting. Det står difor att noko ubrukte midlar i samband med besøksstrategiarbeidet.

I brev frå Miljødirektoratet datert den 16.11.2017 vert verneområdestyret invitert til å søkje om midlar til drift for neste år. I brevet står det:

Ved søknad om midler til drift av nasjonalpark- og verneområdestyrene må det settes opp et budsjett som viser forventede utgifter til reise- og møtegodtgjøring for medlemmer av styrene, samt evt. reiseutgifter for medlemmer av rådgivende utvalg.

Ved søknad om midler til dekking av utgifter i forbindelse med utarbeiding av forvaltningsplaner, besøksstrategier og skjøtselsplaner, kan det søkes om midler til utgifter som nødvendige kartlegginger og medvirkningsprosesser (møter).

(...) Det forutsettes at nasjonalpark-/verneområdestyrene og fylkesmennene setter opp forslag til budsjett i samarbeid. Fylkesmannen sender samlet budsjettforslag til Miljødirektoratet på vegne av alle styrene de fører regnskap for i eget fylke.

Forvaltar legg fram framlegg til budsjett for drift av styret og forvaltningsplanarbeidet under møtet. Frist for søknad om midlar til dette føremålet er 12. januar 2018.

Vurdering

Styret har meldt interesse for å komme seg ut og sjå på tiltak og prosjekt i landskapsvernområdet. Styret bør få til minst eit slikt møte med synfaring i løpet av sommarsesongen. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt er mellom juni og september/oktober, avhengig av snømengde og mål for synfaringa. I forslag til innstilling er det foreslått september. Det går også an å invitere varamedlemmer og/eller Fagleg rådgjevande utval til eit slikt møte/synfaring for å drøfte større saker, som t.d. besøksstrategi.

Det tek tid å komme seg inn i landskapsvernområdet. Det er ofte langt for enkelte styremedlem å komme seg til ein møtestad, eller det er mange høgdemeter inn i verneområdet. Dersom ein t.d. held styremøte ein ettermiddag/kveld, overnattar og tar ein synfaring dagen etter, vil ein kunne få til ein lenger tur i området. I 2017 hadde styret eit to-dagars møte i Finnafjorden, der det var båttur inn til Finnabotnen og møte i skulehuset i Finden.

I samband med arbeid med besøksstrategi kan det vera aktuelt å kombinera styremøte med møte med reiselivsverksemdar.

To viktige møtetidspunkt for verneområdestyret kvart år er i mars og i november/ desember. I mars er det prioritering av tiltak, og i november/desember er det planlegging av tiltak for nest år.